



Før terrordagen 22. juli i fjor fanst det ikkje eit einaste politisk ungdomsparti i Kvinnherad, men no er det 5. Og i styret for Unge Høgre sit to uskedelingar - det er Ann Lisbeth Ljosnes Moen (øverst) og Eirin Rørheim Kjærland (under).

Ann Lisbeth gjer det i Grenda klårt at ved å bli medlem i eit politisk parti får ein moglegheit til å gjera noko ein er misnøgd med og til å forma det samfunnet ein vil ha.

Kvinnherad Unge Høgre har allereie 16-17 medlemmer. Det fyrste

styremøtet er avvikla og etter ferien blir det medlemsmøte. Skolering blir viktig framover medan skule og skatt er viktige kampsaker. Betre skule og flat skatt på inntekt er stikkorda i den samanhengen. Nullskatteytarar må ikkje finna smutthol.

Ann Lisbeth vart med i politikken etter stands på KVV etter terroren. Då sjekka ho ut kva dei ymse partia står for og håpar at dei unge verkeleg engasjerar seg politisk i tida framover.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Grenda

